

Eksamen

20.11.2015

SAM3035 Økonomi og leiling / Økonomi og ledelse

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Det er ingen vedlegg.
Informasjon om oppgåva	Du skal løyse alle oppgåvene.
Informasjon om vurderinga	Sjå eksamensrettleiinga med kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen. Eksamensrettleiinga finn du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Oppgåver

Oppgåve 1 – Marknadstilpassing

Olsen Dekk sel mellom anna ulike typar felgar. Ein av dei mest populære felgane, Matt Black, blir i dag seld for kr 1 600 eksklusiv mva. Innkjøpskostnadene er kr 1 100 eksklusiv mva. Driftsuavhengige faste kostnader er berekna til kr 50 000. Bedrifta går ut frå at salet maksimalt vil bli 200 felgar per år. Du kan bruke 20 einingar som intervall i tabellen.

Svar på spørsmåla under ved hjelp av tabell, einingsdiagram og berekningar.

- a) Gjer greie for marknadsforma.
- b) Vis og bestem marknadstilpassinga, og berekne optimalt overskot.
- c) Vis og forklar dekningspunkt(et) i diagrammet.
- d) Gjer greie for korleis kostnadene i Olsen Dekk varierer med aktivitetsnivået.

Olsen Dekk vurderer å auke prisen på felgen. Ole Olsen trur at dersom han aukar marknadsføringa med kr 50 000, vil han kunne selje felgen for kr 1 800 eksklusiv mva.

- e) Gjer greie for korleis dette vil kunne påverke overskotet og marknadstilpassinga til bedrifta.
- f) Kva pris må bedrifta ta for felgen for at marknadsføringskampanjen skal vere lønnsam?

Oppgåve 2 – Investeringsanalyse

Olsen Dekk vurderer å gå til innkjøp av ei vaskemaskin for dekk og felgar for å effektivisere vask og reins av dekk i samband med dekkhotellet. Bedrifta har innhenta tilbod frå to leverandørar. Du får oppgitt desse dataa:

	Wulkan 1500H	Wash 2500X
Pris inklusiv montering	kr 100 000	kr 140 000
Levetid	5 år	5 år
Salsverdi etter 5 år	kr 20 000	kr 50 000
Spart sum per år (lønn, vaskemiddel, varmt vatn mv.)	kr 32 000	kr 40 000

- a) Vel kalkulasjonsrente, og grunngi valet.
- b) Vurder lønnsemd og risiko, og gi leiinga eit grunngitt råd i saka.

Oppgåve 3 – Kapitalbehov og finansiering

På grunn av aukande etterspørsel vurderer Olsen Dekk å investere i utstillingslokale for dekk og felgar neste år. Dei reknar med at dei nye lokala vil koste kr 1 500 000. Bedrifta går ut frå at investeringa vil føre til ei auka omsetning på kr 1 000 000 utan mva. Bedrifta kalkulerer i dag med ei bruttoforteneste på 70 %. Dei går ut frå at 20 % av salet vil vere per 30 dagar, og at resten vil vere kontantsal. Gjennomsnittleg lagringstid ventar dei blir 90 dagar.

Olsen Dekk kan skaffe kr 100 000 i egenkapital og har fått tilbod om eit langsiktig lån på kr 1 200 000. Dei har også fått tilbod om ein auka kassekreditt på kr 150 000. Effektiv rente på kassekreditten er 10 %. Betalingsvilkåra frå leverandørane har til no vore per 60 dagar eller 10 dagar – 2 %.

- a) Berekne kapitalbehovet.
- b) Utarbeid eit grunngitt forslag til finansiering.

Oppgåve 4 – Dekningspunktanalyse

Olsen Dekk sel fleire ulike dekktypar. Til neste år vurderer dei å ta inn eit nytt, kinesisk dekkmerke, Landsail. Eitt av dekk, 195/65 VR15 LS388, reknar dei med kan seljast for kr 450 inklusiv mva. Inntakskost for dekket reknar dei med vil vere kr 180 per dekk. Dei reknar med å selje 120 dekk per år. Dei faste kostnadene reknar dei med vil utgjere kr 20 000.

- a) Utarbeid ein dekningspunktanalyse, og vurder aktuelle talstorleikar som grunnlag for å betre lønnsemda ved sal av dette produktet.
- b) Berekne prisen bedrifta må ta per dekk for å oppnå ein dekningsgrad på 60 %.

Oppgåve 5 – Kulturforståing

Tre av dei tilsette i Olsen Dekk er frå Litauen. Dette er fagfolk med god kompetanse innan bransjen.

- a) Diskuter utfordringar Olsen Dekk kan ha i møte med ulike kulturar på arbeidsplassen.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 5 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem. Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettside og nedlastingsdato.
Vedlegg	Det er ingen vedlegg.
Informasjon om oppgaven	Alle oppgavene skal løses.
Informasjon om vurderingen	Se eksamensveiledningen med kjennetegn på måloppnåelse til sentralt gitt skriftlig eksamen. Eksamensveiledningen finner du på Utdanningsdirektoratets nettsider.

Oppgaver

Oppgave 1 – Markedstilpasning

Olsen Dekk selger blant annet ulike typer felger. En av de mest populære felgene, Matt Black, selges i dag for kr 1 600 eksklusiv mva. Innkjøpskostnadene er kr 1 100 eksklusiv mva. Driftsuavhengige faste kostnader beregnes til kr 50 000. Bedriften antar at salget maksimalt vil bli 200 felger per år. Du kan bruke 20 enheter som intervall i tabellen.

Svar på spørsmålene under ved hjelp av tabell, enhetsdiagram og beregninger.

- a) Gjør rede for markedsformen.
- b) Vis og bestem markedstilpasningen, og beregn optimalt overskudd.
- c) Vis og forklar dekningspunkt(er) i diagrammet.
- d) Gjør rede for hvordan kostnadene i Olsen Dekk varierer med aktivitetsnivået.

Olsen Dekk vurderer å øke prisen på felgen. Ole Olsen tror at dersom han øker markedsføringen med kr 50 000, vil han kunne selge felgen for kr 1 800 eksklusiv mva.

- e) Gjør rede for hvordan dette vil kunne påvirke bedriftens overskudd og markedstilpasning.
- f) Hvilken pris må bedriften ta for felgen for at markedsføringskampanjen skal være lønnsom?

Oppgave 2 – Investeringsanalyse

Olsen Dekk vurderer å gå til anskaffelse av en vaskemaskin for dekk og felger for å effektivisere vask og rens av dekk i forbindelse med dekkhotellet. Bedriften har innhentet tilbud fra to leverandører. Du får oppgitt følgende data:

	Wulkan 1500H	Wash 2500X
Pris inklusiv montering	kr 100 000	kr 140 000
Levetid	5 år	5 år
Salgsverdi etter 5 år	kr 20 000	kr 50 000
Besparelse per år (lønn, vaskemidler, varmt vann mv.)	kr 32 000	kr 40 000

- a) Velg kalkulasjonsrente, og begrunn valget.
- b) Vurder lønnsomhet og risiko, og gi ledelsen et begrunnet råd i saken.

Oppgave 3 – Kapitalbehov og finansiering

På grunn av økende etterspørsel vurderer Olsen Dekk å investere i utstillingslokaler for dekk og felger neste år. De nye lokalene antas å koste kr 1 500 000. Bedriften antar at investeringen vil føre til en økt omsetning på kr 1 000 000 uten mva. Bedriften kalkulerer i dag med en bruttofortjeneste på 70 %. 20 % av salget antas å være per 30 dager, resten antas å være kontantsalg. Gjennomsnittlig lagringstid forventes å være 90 dager.

Olsen Dekk kan skaffe kr 100 000 i egenkapital og har fått tilbud om et langsiktig lån på kr 1 200 000. De har også fått tilbud om en økt kassekreditt på kr 150 000. Effektiv rente på kassekreditten er 10 %. Betalingsbetingelsene fra leverandørene har til nå vært per 60 dager eller 10 dager – 2 %.

- a) Beregn kapitalbehovet.
- b) Utarbeid et begrunnet forslag til finansiering.

Oppgave 4 – Dekningspunktanalyse

Olsen Dekk selger flere ulike dekktyper. Til neste år vurderer de å ta inn et nytt, kinesisk dekkmerke, Landsail. Ett av dekkene, 195/65 VR15 LS388, antas å kunne selges for kr 450 inklusiv mva. Inntakskost for dekket antas å bli kr 180 per dekk. De regner med å selge 120 dekk per år. De faste kostnadene regner de med vil utgjøre kr 20 000.

- a) Utarbeid en dekningspunktanalyse, og vurder aktuelle tallstørrelser som grunnlag for å bedre lønnsomheten ved salg av dette produktet.
- b) Beregn prisen bedriften må ta per dekk for å oppnå en dekningsgrad på 60 %.

Oppgave 5 – Kulturforståelse

Tre av de ansatte i Olsen Dekk er fra Litauen. Dette er fagfolk med god kompetanse innen bransjen.

- a) Diskuter utfordringer Olsen Dekk kan ha i møte med ulike kulturer på arbeidsplassen.



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
utdanningsdirektoratet.no